



# Time

## **Innkalling til Årsmøte 2025**

Onsdag 29. oktober kl. 18.00 i Anita Ståvå

### **Program:**

**Årsmøte 29.10. kl. 18.00 til kl. 19.00**

**Basar 29.10. kl. 19.00 og ut kvelden.**

**Suppe og kake/kaffi**

### **Vedlegg:**

Sakliste

Årsmelding

Rekneskap for 2024/2025

Forslag fra valnemda

Helsing fra leiar med program for hausten.

**VELKOMMEN!**



**Time Bygdekvinne lag**

**Time**

**Innkalling til årsmøte i Anita Ståvå onsdag 29.oktober kl. 18,00**

**Sakliste:**

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 2. Val av møteleiar**
- 3. Val av møteskriver**
- 4. Val av teljenemd**
- 5. Val av to som saman med leiaren som skal skrive under årsmøteprotokollen**
- 6. Årsmelding**
- 7. Rekneskap**
- 8. Val**
- 9. Innkomne saker og Ordet fritt**

**Eventuelle saker må meldast skriftleg til leiar; Anita Topdal**

**an.fopdal@gmail.com innen 2 veker**

## Årsmelding 2024-2025

Laget har 53 betalende medlemmar.

### **2024**

Me har hatt 5 styremøte, 6 lagsmøte, samt andre møte, kurs og arrangement.

18.09. Komitèemøte i forkant av 100-årsjubileet. Time Bkl.

22.09. Pynta til hausttakkefest, Time kyrkje.

22.09. Haustmarknad og kurs på Hå Gamle prestegard.

23.09. Komitèemøte i forkant av 100-årsjubileet. Time-, Klepp-, og Sandnes Bkl.

25.09. Lagsmøte. Retrokveld.

29.09. Pynta til hausttakkefest, Undheim kyrkje.

07.10. Kurs i å planlegge hagen til våren. Kurshaldar Trygve Hadland.

09.10. Håndarbeidstreff.

18.10. Haustfest Frøy 4H. Premie til Olivia Rose Hansen "Baking".

25.10. Haustfest Vibå 4H. Premie til Andreas Søyland "Tradisjonelle desserter".

26.10. Lokallagssamling på Utsyn, Finnøy. Anita, Hanne og Karin.

28.10. Styremøte i komitèen til 100-årsjubileet.

30.10. Årsmøte. Leiarane i Rogaland Bkl, Ingrid Haugstad Håland og Anne Karin Hammer var med og fortalde frå deira arbeid i fylkesstyret. Karin fortalde om arbeidet i Frivilligsentralen i Time.

13.11. Styremøte. Kostituering av styre.

16. og 17.11. Salg av mat på julemessa i Anita Ståvå.

18.11. Møte i forkant av sonemøte. Heidi og Anita.

27.11. Julemøte. 2 tilsette frå Floriss, Brynesenteret, laga juledekorasjonar som blei lodda ut.

02.12. Møte i forkant av sonemøte. Nærbø.

04.12. Håndarbeidstreff.

## **2025**

02.01. Planlegging av kurs i bruk av restemat/overskuddsmat. Heidi, Karin og Anita.

08.01. Styremøte.

15.01. Komitè møte 100-årsjubilèum. Alle lag.

29.01. Lagsmøte. Ragna Bjelland var med og fortalde om livet, og kor viktig det er med humor for å ha ein god kvardag.

01.02. 100-års jubilèumsfest. Sandnes Bkl, Klepp Bkl og Time Bkl feira med festmiddag på hotell Jæren.

05.02. Kurs i restemat/overskuddsmat med Heidi, Karin og Anita.

06.02. Og 10.02. Anita og Ingrid (Haugstad Håland) jobba med å ferdigstilla jubilèumheftet som blei laga i høve 100-årsjubilèet (Time Bkl) Ingrid Vinningland og Ingfrid Haugland var òg med på dette prosjektet.

12.02. Anita og Ingrid Haugstad Håland leverte heftet til trykking hos Jærprint.

12.02. Håndarbeidstreff.

18.02. Kontaktkonferanse hos Jæren Golfklubb. Korleis driva frivillighet. Karin deltok.

26.02. Lagsmøte. Bingo og Quizz.

28.02. Anita deltok på årsmøtet til Time Fråhaldslag, der ho fortalde om aktivitetane i laget vårt.

06.03. Sonemøte på Nærbø.

10.03. Kurs i sjølbergning og mat frå hagen. Trygve Hadland.

21.-22. 03. Inger Tjåland og Karin deltok på årsmøtet til Rogaland Bkl. Haugesund.

26.03. Lagsmøte. Guro Kverneland laga påskeegg med ull. Quilting.

27.03. Mat og underholdning på Bryneheimen. Grete Osland m fleire.

01.04. Årsmøte i Time musikkråd, som bl.a. gjorde vedtak om å endra namnet til Time kulturråd. Hanne deltok.

02.04. Styremøte. Styret blei enige om at me ville vera medlemmer i Time kulturråd.

07.04. Komitè møte i Historielaget. Undheim. Bjørg og Anita deltok.

30.04. Lagsmøte. Tevling i ostefat.

28.05. Styremøte.

29.05. Tour of Norway. Selde lapper og kaker på Undheim.

04.06. Lagsmøte. Gåtur frå Undheimhallen til Botn. Omvisning av Jartrud Gudmestad Undheim i den gamle skulestova der.

09.06. Kurs i valnemndsarbeid. Lensmannsløa på Varhaug. Grethe Osland og Anita.

20.08. Styremøte.

23.08. Deltok på historisk dag på Undheim. Salg av mat.

27.08. Arbeid med årsmelding. Hanne og Anita

29.08. Grethe Osland og Anita hadde møte om arbeid i valkomitèen.

30.08. Busstur til Vindafjord med medlemmer frå Varhaug-, Nærbø-, , Time- og Klepp Bkl.

Hanne Haugland Grødem

sekretær